

Pressemelding, 19. juli 2012
Hovudopptaket til høgare grunnutdanning

Hovudopptaket til høgare utdanning 2012

Samordna opptak (SO) sender i hovudopptaket 2012 ut 79 404 tilbod. Dette er 4 878 fleire tilbod enn i 2011, ein auke på 6,6 %. Det er i år planlagt 51 534 studieplassar, 1058 fleire enn i 2011.

93 475 av søkjarane er kvalifisert for minst eitt studium (+ 5,7 % frå 2011).

Av dei kvalifiserte søkjarane har 84,9 % fått tilbod om studieplass. Dette er litt høgare enn i 2011 (84,3 %). Blant dei som får tilbod om studieplass, får 48 854 (61,5 %) tilbod på sitt høgaste prioriterte studieønskje. Tilsvarande tal for 2011 var 45 585 (61,2 %)

Ved årets hovudopptak gis 31 223 av tilboda til menn, mens 48 181 tilbod blir gjeve til kvinner. Det vil seie at kvinneandelen er 60,7 %, det same som i 2011.

Det totale talet på søkjarar er nå 115 062 mot 107 785 etter hovudopptaket i fjor (+ 6,8 %)

Det er størst auki i tal på tilbod gitt i utdanningsområdet økonomi og administrasjon. Her er det gitt 938 fleire tilbod i år enn i 2011. I utdanningsområdet lærer er det gitt 744 fleire tilbod, i teknologiske fag 720, mens det i helsefag er ein auki på 625.

Av dei 74 526 som fekk tilbod om studieplass i hovudopptaket i fjor, møtte 43 580 til studiestart.

Restetorget

Når Restetorget opnar 20. juli kl. 09.00 er det ledige studieplassar ved 417 ulike studium fordelt på 30 lærestader. Sjå oversikt over studia som kjem på Restetorget:

<https://sok.samordnaopptak.no/studier/restetorg>

Alle kvalifiserte søkjarar kan søkje studieplasser via Restetorget, uavhengig om dei har søkt tidlegare i år.

Svar på tilbod i hovudopptaket

Søkjarar som har fått tilbod om studieplass eller står på venteliste, har frist til 26. juli med å svare. Alle må svare via internett - www.samordnaopptak.no, ved hjelp av elektronisk ID.

Nærare opplysningar om søking til høgare utdanning får du ved lærestadene for høgare utdanning eller Samordna opptak (tlf. 22 84 18 25 / 22 84 18 22 / www.samordnaopptak.no).